

Forskarforbundet ved UiO  
NTL ved UiO  
Parat ved UiO  
Akademikarane ved UiO

Dato: 09.06.2020  
Dykkar  
ref.:  
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

### **Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 09.06.2020**

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattformen Zoom.

Frå organisasjonane

- Caroline Hals – NTL
- Tina Næss og Helene Amundsen Nissen-Lie – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Maren Ringstad – Forskarforbundet
- Mari Gakkestad – lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Mari Anne Ramstad – seksjonsleiar for IT og fakultetet sin eigendomskoordinator
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Sakspapira til styremøtet lagt ut på denne nettsida:

<https://www.sv.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2020/>

### **Drøftingssaker**

1. Forslag til fordeling av kostnader til oppussing av ESH.  
Saka utgjekk frå møtet.
2. Tidsplan for arbeidet med årsplan 2021-2023.  
Sakspapira vart lagt ut på nettsida til styremøte.

Fakultetsdirektøren gjekk kort igjennom tidsplanen.

3. Dimensjonering av ARENA Senter for europaforskning  
Sakspapira vart lagt ut på nettsida til styremøte.



#### **Fakultetsadministrasjonen**

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo  
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke  
Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64  
Telefaks: 22 85 48 25  
postmottak@sv.uio.no  
www.sv.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854

Fakultetsdirektøren gjekk igjennom hovudtrekka i styresaka og tilhøyrande vedlegg som vert lagt fram.

Akademikarane ber om at styrenotatet blir meir balansert i framstillinga av ARENA. Ein syner til problema som har gjort at ARENA har kome i økonomisk uføre, men i mindre grad omtalar kva ARENA bidreg med. Dei har ei stor eksternfinansiert prosjektportefølje som har generert mykje forskning, og gode inntekter til fakultetet.

Forskarforbundet støttar Akademikarane i at framstillinga av ARENA er problematiserande i notatet.

Fakultetsdirektøren gjer merksam på at framleggsnotatet til ARENA sitt styremøte er lagt ved saka.

4. Plan for kontorfordeling i fakultetsadministrasjonen.  
Sakspapira vart ettersendt.

Fakultetsdirektøren gjekk kort igjennom romfordelinga og korleis ein har tenkt funksjon og ikkje person. Den største endringa blir for dei som jobbar med rekneskap der fleire må flytte frå enkeltkontor og inn i landskap. Vidare at plan for romfordeling er dynamisk, då arkivet skal sentraliserast og det er usikkert korleis organiseringa av IT ved UiO blir på lang sikt.

Verneombodet syner til gruppa som jobbar med rekneskap og ber ein ta dei med i prosessen med utforming av landskapet slik at dei får eigarskap til sin eigen kontorplass.

Fakultetsdirektøren seier at ein skal orientere om planen seksjonsvis og at dei vil involvere dei som får endra kontorplass i utforming av landskapet.

Forskarforbundet lurar på korleis ein har tenkt tilrettelegging for den enkelte. Fakultetsdirektøren viser til at ein som arbeidsgjevar er pålagt å leggje til rette for tilsette med spesielle behov.

## **Informasjonssaker**

### **A. ARK – Arbeidsmiljøundersøking**

Fakultetsdirektøren orienterte om at fakultetet ikkje har hatt anledning til å førebu ARK undersøking grunna koronasituasjonen, og at ein vil gå i gang med førebuing over sommaren og gjennomføre ARK våren 2021.

Verneombodet er misnøgd med at ARK igjen vert utsett, og er uroa at oppussinga av ESH frå desember 2020 skal medføra ytterlegare utsetting.

Fakultetsdirektøren meiner eit resultat frå ein ARK-undersøking i ein ekstremsituasjon, som me har vore igjennom no, gjer det vanskeleg for arbeidsgjevar og gjere seg nytte av resultatet når ein er attende i normalsituasjon.

Verneombodet syner til at ARK er noko som jamleg skal gjennomførast kvart 2 – 3 år, og at det også inneber at det vil vera variasjon i resultatata over tid.

Forskarforbundet meiner at sjølv om ein er i ein ekstremisituasjon, så er ikkje det grunn nok til å ikkje gjennomføre ARK. Dei har jamnleg henvendelsar frå medlemmer ang. arbeidsmiljø, og skulle ønske at ARK vart gjennomført.

Akademikarane og NTL støttar vernelinja og Forskarforbundet i denne saka.

B. Spørjeundersøking om heimekontor gjennomført i perioden 13 mai - 25. mai  
Notat vart ettersendt

Fakultetsdirektøren går igjennom resultatata frå undersøkinga, som i stor grad er positiv, og stadfestar på spørsmål frå vernelinja at undersøkinga var anonym.

Vernelinja lurar på korleis ein skal følgje opp det som kom fram, og då spesielt dei som har meldt frå om einsemd ved heimekontor og dårleg tilpassa arbeidsplass.

Fakultetsdirektøren viser til anonymitet gjer det umogleg å følgje opp enkeltpersonar, men at ein vil orientere instituttleiarane generelt om at ein må passe på dette.

Forskarforbundet minner om at fakultetet må ta omsyn til at dei tilsette er ei mangfaldig gruppe når ein kommuniserer ut. Det er stor variasjon i både livsfase og livssituasjon, som gjer at ulike tilsette har ulike behov.

Akademikarane syner til at dei vitskapelege har klart å leggja om til digitale undervisningsformer på kort tid, men at ein no også ser slitasje og frustrasjon. Spesielt stor belastning er det for den gruppa som skal tilrettelegge for klinisk ferdigheitstrening i digital form. Dugnad er noko som har gått bra i ein kort periode, men ein vil gjerne tilbake til normal undervisningsformer.

C. Status korona - herunder om informasjon til tilsette

Fakultetsdirektøren orienterer om den informasjonen som er gått ut til dei tilsette i koronaperioden. Informasjonen er gått ut på både norsk og engelsk og ein har i e-postane synt til dei sentrale koronasidene, som er på begge språk

Organisasjonane og vernelinja er uroa for at informasjon ikkje har kome raskt nok ut på engelsk, og at det er eit problem at ein har eit norsk administrasjonsspråk samstundes som ein i aukande grad rekrutterer internasjonalt til stillingar.

Fakultetsdirektøren er samd i at viktig informasjon om beredskap må gå ut på både norsk og engelsk. Det er også viktig at sentrale nettsider finnes på begge språk.

Organisasjonane og vernelinja er samde i at informasjon og nettsider generelt på begge språk er ei sak som ein skal ta opp igjen i IDF-møter ved ei seinare anledning.

D. Oppussing Eilert Sundts hus og Læringscenteret Eilert

Fakultetsdirektøren orienterte om tidsplan og erstatningslokalar

Det vil bli sett ned brukargrupper med tanke på utforming av etasjane, og der er det naturleg at både organisasjonane og vernelinja deltek.

Mari Anne Ramstad orienterte om arbeidet med Læringscenteret Eilert, og planar for ombygging av auditorium 6.

E. Nytt om personal

Geir Sigvat Toft har tiltrådt i stillinga som ny seksjonsleiar for økonomi.

Fredrik Emil Olsbu er tilsett som seniorrådgjevar og nestleiar for økonomi.

Reidunn Nilsen er tilsett som seniorrådgjevar for økonomi.

Etter ei tid med stor ledigheit i seksjon for økonomi, er alle stillingane besatt, også dei innan rekneskap og prosjektøkonomi.

F. Saker til gjensidig orientering

Ingen saker

Med helsing

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

*Aud-Jorunn Sandal*

+4722858224, [a.j.sandal@sv.uio.no](mailto:a.j.sandal@sv.uio.no)